


# DETTE ER VÅTMARKER


Våtmarker er vatn som på ein eller annan måte pregar naturtypen. Fellesnemnaren for våtmarker er høg biologisk produksjon, stort artsmangfald og gjerne fleire sjeldsynte artar.



Den grunne og næringsrike Innsjøen midt i Stavanger er eit populært turområde med eit svært variert dyre- og planteliv.



Knoppsvane.



Toopdykker.

Sverdillje.



Ved høgvatn strøymer saltvatn inn i Håelva sitt vide uttaup og tilfører elva næringsstoff. I elvemunningen er det eit rikt dyre- og planteliv. Området er landskapsverna med fuglefredning.



Siland.



Hagavågen er ein av fleire grunne sjoområde i Hafslvsfjord som er viktige rasteplassar for fuglar under vår- og hausttrekk. Naturreservat med RAMSAR-status siden 1985.



Blåskjel.



Raudstilk.



Steinkobbe.



Slorskarv.

## Myrer, elver, bekkar, innsjøar og tjørn

Mosvatnet i Stavanger er ein grunn, næringsrik innsjø med eit svært rikt plante- og dyreliv. Stor planteproduksjon langs breddene og i vatnet gir gode levevilkår for insekt, fisk og fugl. Det er registrert over 170 planteartar og omlag 150 fugleartar i og ved Mosvatnet. I vatnet finns aure, sik, ål og stingsild.

## Elvemunningar og delta

Før Håelva renn ut i Jærhavet flyt ho over ei flat slette. Ved høgvatn går sjøen inn i elveosen og frakter med seg næringsstoff. Det fører til stor produksjon av planter og dyr som er mat for fuglar. Dei fleste elvemunningar i Rogaland er i større eller mindre grad utbygde.

## Tidevassoner og gruntvassområde

Flo- og fjæresona langs kysten er blant våre rikaste våtmarker. Særleg rik på næring er grunne vågar og bukter der store mudderflater vert tørrlagde ved fjære sjø. I Hafslvsfjord er det fleire store grunne område som trekk til seg store mengder vassfuglar, særleg vår og haust.

## Holmar og skjær

Mange holmar og skjær kan og reknast som våtmarker. Som til dømes Kolhesholmane i Sola. Holmane er hekkeplass for mange sjøfuglar, og den grunne sjøen utenfor er rik på fisk, skaldyr og andre byttedyr. Fleire fugleartar overvintrer i dei næringsrike farvatna utanfor stranda.

### Visste du at...

... det første hekefunn av knoppsvane i Noreg vart gjort i Sandnes i 1926?  
... gravand-hoene kan legge egg i same reir? Det er funne opptil 50 egg i same reiret!

2

